



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Saksbehandlar, innvalstelefon
Siri Mæland, 5557 2200

Tilskot til kommunalt rusarbeid 2019 - kapittel 765 post 62

I 2019 får Radøy kommune med dette eit tilskot på kroner 660 000,- over kapittel 765 post 62.

Tilskotet blir gitt til:

Stilling	Stillingsprosent	År – tilskot	Tildeling 2019
Ruskoordinator	100	År 1 – ny stilling	660 000

I tildelt beløp inngår kr 10 000 per stilling til kompetanseutvikling.

Dette er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. De kan difor ikkje klage på avgjerda eller vilkåra i dette brevet.

Føremålet med tilskotet er å bidra til kapasitetsvekst ved å gi midlar til stillingar som kommunen på sikt skal finansiere fullt ut.

Kommunen kan søkje om tilskot til stillinga i til saman 4 år, men tilskotet blir avkorta kvart år, jf. reglane for utrekning av tilskot.

Bruk av midlane i 2019

Tilskotet skal disponerast til årsverk og kan ikkje nyttast til andre utgifter eller investeringar.

Midlane skal nyttast til føremålet dei er gitt til i dette budsjett- og kalenderåret, jamfør søknaden, regelverket for dette tilskotet og krava i dette brevet.

Utbetaling og krav til stadfesting

Tilskot blir først utbetalt når:

- vi har fått tilbake den vedlagde stadfestinga i utfylt og underskriven stand, sjå vedlegg. Ver venleg å fylle ut og sende stadfesting til fmvlpost@fylkesmannen.no snarast.

Ubrukte midlar



Dersom midlane ikkje blir oppbrukte, finst følgjande alternativ:

- betale heile eller delar av tilskotet tilbake til Fylkesmannens kontonummer **7694 05 01098**, merkt med kapittel 765, post 62 og vårt saksnummer. Fylkesmannen skal informerast om dette på førehand.
- søkje om overføring av ubrukte midlar. Føresetnaden for slik godkjenning, er at prosjektet eller aktiviteten blir vidareført. Ubrukte midlar i 2019 blir trekt frå ved tildeling neste år dersom tiltaket blir vidareført.

Rapportering

Rapporteringa skal vere i samsvar med regelverket for tilskotsordninga.

Kommunen skal rapportere til oss innan 1. februar 2020 i rapporteringsskjema som følgjer den årlege kunngjeringa av tilskotsordninga på www.fylkesmannen.no og www.helsedirektoratet.no/tilskudd.

Økonomiansvarleg i kommunen, eller annan person med tilsvarende mynde, skal per 31. desember 2019 kontrollere at tilskotsmidlane er brukt etter dei spesifiserte kriteria i tilskotsbrevet. Kommunen skal innan **1. februar 2020** sende rekneskapsrapport per 31. desember 2019 i rapporteringsskjema som følgjer den årlege kunngjeringa av tilskotsordninga på <https://www.fylkesmannen.no/> og <https://www.helsedirektoratet.no/tilskudd>.

Det er ikkje lenger eit krav at rapporten er revisorattestert.

Kontroll og dokumentasjon

Fylkesmannen har rett til å kontrollere at tilskotet blir brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i Bevilgningsreglementet. Vi gjer merksam på at Riksrevisjonen har høve til å kontrollere om tilskot blir brukt etter føresetnadane, jamfør lov om Riksrevisjonen § 12 andre ledd.

Med helsing

Anne Grete Robøle
fagdirektør

Siri Mæland
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Stadfestingsskjema
 Regelverk

Kopi til:

Radøy kommune v/Marita Ulriksen Årseth Radøyvegen 1690 5936 MANGER